
Hovudsamarbeidsutvalet

Saksbehandlar: Arvid Stenehem

Arkiv: 440

Arkivsaksnr.: 04/02098

SJUKEFRÅVÆR 2004

SJUKEFRÅVÆR 2. KVARTAL 2004

Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Hovudsamarbeidsutvalet tek statistikken over sjukefråværet til orientering og ber institusjonane følgje opp dei sjukmelde og arbeide for å identifisere årsaker og å finna mottiltak til det arbeidsmiljørelaterte fråværet.

Innleiing

Presentasjon av sjukefråværestal og statistikk er heimla i arbeidsmiljølova § 20 og i forlktrygdlova § 25-2.

AML § 20. Registrering av skader og sykdommer.

Arbeidsgiveren skal sørge for at alle personskader som oppstår under utførelsen av arbeid registreres. Det samme gjelder sykdom som antas å ha sin grunn i arbeidet eller forholdene på arbeidsplassen.

Registeret må ikke inneholde medisinske opplysninger av personlig karakter, uten samtykke fra den opplysningene gjelder. Registeret skal være tilgjengelig for Arbeidstilsynet, verneombud, arbeidsmiljøutvalg og verne- og helsepersonalet. For øvrig skal arbeidsgiveren bevare taushet om opplysninger i registeret om personlige forhold.

Arbeidsgiveren plikter å føre statistikk over sykefravær og over fravær ved barns sykdom etter nærmere retningslinjer fra Rikstrygdeverket, jf folketrygdloven § 25-2 første ledd.

Endret ved lover 6 jan 1995 nr. 2 (i kraft 1 feb 1995), 28 feb 1997 nr. 19 (i kraft 1 mai 1997).

FTL§ 25-2. Arbeidsgiverens plikt til å føre statistikk over sykefravær og å redegjøre for tiltak for sykmeldte.

En arbeidsgiver plikter å føre statistikk over sykefravær og fravær ved barns sykdom. En arbeidsgiver plikter etter krav fra trygdekontoret å gi en redegjørelse om muligheter for tiltak på arbeidsplassen for at en sykmeldt arbeidstaker skal kunne komme tilbake i arbeid.

Gode rutinar for intern registrering og rapportering av fravær kan vera eit av fleire viktige hjelpemiddel i verksemda sitt førebyggjande HMT-arbeid. Fraværstatistikken kan medverka til å avdekkje problem i arbeidsmiljøet, eller å identifisera arbeidstakarar som treng spesiell oppfølging frå bedrifta eller frå andre støttespearar som til dømes lege eller verne- og helsetenesta.

Fylkeskommunen er tilslutta avtale om eit meir inkluderande arbeidsliv – IA-avtalen. Dette betyr at vi har stort fokus på tiltak som kan redusere sjukefraværet, tiltak som kan få arbeidstakaren raskare tilbake i jobb etter eit langvarig fravær og tiltak som skal hindre at arbeidstakarar må ta ut fravær for å makte sin arbeidssituasjon.

Litt om lokal handsaming av statistikk i LAMU

Etter initiativ frå Hovudsamarbeidsutvalet (HSU) og som ei oppfølging av framlegg til møteaktivitet og dagsorden i LAMU har FRM Personal starta ei rutine med å sende ut detaljert fraværstatistikk for handsaming i dei lokale arbeidsmiljøutvala.

Alle 18 LAMU i Sogn og Fjordane fylkeskommune får no oversendt statistikk på individnivå. For å få så god kvalitet på tala som mogeleg tek vi ut statistikk omlag 15 dagar etter utløpet av kvartala, dvs omkring 15. april for 1. kvartal, 15. juni for 2. kvartal, 15 oktober for 3. kvartal samt 15. januar for 4. kvartal og årsstatistikk. Statistikken vert levert på rekneark (Excel) pr. e-post. Vi leverer rapporten på personnivå utan bearbeiding.

Dette ville kunne tene som grunnlag for saksutgreiing til LAMU. Denne rutinen starta med rapport frå 2. kvartal 2004. Det vil vere opp til LAMU å bestemme korleis dei vil drøfte statistikken over fráværet og på kva detaljeringsnivå. Det vil alltid vere viktig å identifisere mogelege arbeidsmiljøårsaker til frávær. For å oppnå dette må ein "gå bak tala" for slik å drøfta gjennomsnitta i lys av lokal kunnskap på individnivå.

Saksframstilling

Statistikken frå Sogn og Fjordane fylkeskommune omfattar frå 1. januar 2004 dei vidaregåande skulane, tannhelsetenesta og sentraladministrasjonen. I tillegg registrerar vi data for ytre kultursektor, ei gruppa tilsette som naturleg kan samlast under ei eiga gruppe - vi har valt å samle dei dette gjeld under namnet **andre**. Her finn vi Fylkesbiblioteket, Fylkesarkivet, Kommunearkivet, Fylkesmusikarar, Fylkessenteret for musikkterapi, Singerheimen, Opplæringskontoret for offentleg sektor (OKOS) og diverse prosjekt.

I denne saksframstillinga presenterer vi tal frå 1. kvartal. Til slutt viser eg nokre nasjonale tal som samanlikning til registreringar i vår verksemd.

Kva seier statistikken for 2. kvartal 2004?

2. kvartal 2004											
Br.	Org.	Bemanning	Mogelege dagsverk netto	Eigenmeldte frávær dagsverk	Sjukmeldte frávær dagsverk	Frávær 1-3 dagsverk	Frávær 4-16 dagsverk	Frávær 17-56 dagsverk	Frávær >56 dagsverk	Totalt frávær dagsverk	Fráværs prosent
Kvinner	Sentraladm.	83,8	5372	10,5	346,2	0	17,4	103,5	225,3	356,7	6,6
Menn	Sentraladm.	92,6	5957	12	205,9	6	9	42	148,9	217,9	3,7
Sum Totalt	Sentraladm.	176,4	11329	22,5	552,1	6	26,4	145,5	374,2	574,6	5,1
Kvinner	Skule	402,7	26112	115,6	1137,5	34,7	158,7	200,1	744,2	1253	4,8
Menn	Skule	478	30987	52,5	950,9	16,6	84,2	171,3	678,7	1003,5	3,2
Sum Totalt	Skule	880,7	57099	168,1	2088,4	51,3	242,9	371,4	1422,9	2256,5	4,0
Kvinner	Tannhelse	80	3288	15,3	120,1	0	17,4	33,6	69,1	135,5	4,1
Menn	Tannhelse	26,1	1666	9	36,6	0	0	0	36,6	45,6	2,7
Sum Totalt	Tannhelse	106,1	4954	24,3	156,7	0	17,4	33,6	105,7	181,1	3,7
Kvinner	Andre	14,3	916	1	45,7	0	0	0	45,7	46,7	5,1
Menn	Andre	10,7	695	0	9,6	0	0	9,6	0	9,6	1,4
Sum Totalt	Andre	25	1611	1	55,3	0	0	9,6	45,7	56,3	3,5
Sum totalt kvinner		580,8	35688	142,4	1649,5	34,7	193,5	337,2	1084,3	1791,9	5,0
Sum totalt menn		607,4	39305	73,5	1203	22,6	93,2	222,9	864,2	1276,6	3,2
SUM		1188,2	74993	215,9	2852,5	57,3	286,7	560,1	1948,5	3068,5	4,1

Tabell 1. Samla fráværstatistikk 2. kvartal 2004

Tabell 1 viser det samla sjukefráværet for heile Sogn og Fjordane fylkeskommune (alle institusjonane) for 2. kvartal 2004. Vi har eit registrert frávær på 4,1% (5,8% i 1. kvartal). Hovudintrykket for frávær i fylkeskommunen må kunne seiast å vere prega av stabilitet på eit høvesvis lågt nivå. Vi registrerar no ein nedgang sidan 1. kvartal med 1,7 prosentpoeng. Tal frå 4. kvartal 2003 viste 4,6%. Vi registrerar svingingane og vil følgje utviklinga nøye.

Vi må ikkje gløyme at sjukefrávær er naturleg og ønskjeleg når det er naudsynt. Det er heilt nødvendig for mennesket å ha ein slakk eller restitueringsperiode i ny og ned. Om vi ser dette i lys av eit livsløp/ karriereløp med ulike fasar med ulike behov og med varierende evne til å tåle belastningar av både fysisk og psykososial karakter. Det vi må snakke om er den delen av fráværet som overstig

det "naturlege" nivået. Spørsmålet vi må stille oss er kva tiltak kan vi setje i verk, og korleis vi kan motvirke at fleire får behov for å ta ut sjukemelding. Ei god rettsnor her kan vere at individuelt frávær krev individuelle tiltak.

Vi registrerar eit normalt skilje mellom kjønna. Den "naturlege" eller det statistiske gjennomsnitt i Norge viser ein fráværsskilnaden mellom kjønna er om lag 2% poeng. For perioden 2. kvartal er skilnaden 2,8 prosentpoeng. Kvinner har gjennomsnittleg fleire fráværstilfelle enn menn. Menn har noko lengre gjennomsnittleg lengde for alle sine fráværstilfelle innan alle lengdekategoriar.

Sentraladministrasjonen omfattar alle tilsette på Fylkeshuset på Hermansverk, tilsett ved Kulturavdelinga i Førde samt Opplæringsavdelinga med kontor lokalisert utanfor fylkeshuset. Desse er knytt til høvesvis basisteam for inntak og formidling, basisteam for fag- og vaksenopplæring og basisteam for eksamen og dokumentasjon. I tillegg finn vi i denne gruppa Pedagogisk psykologisk rådgjevingsteneste på Eid, i Sogndal og i Førde.

2. kvartal 2004												
Br.	Org.	Bemanning	Mogelege dagsverk netto	Eigenmeldte frávær dagsverk	Sjukmeldte frávær dagsverk	Frávær 1-3 dagsverk	Frávær 4-16 dagsverk	Frávær 17-56 dagsverk	Frávær >56 dagsverk	Totalt frávær dagsverk	Fráværs prosent	
Kvinner	Sentraladm.	83,8	5372	10,5	346,2	0	17,4	103,5	225,3	356,7	6,6	
Menn	Sentraladm.	92,6	5957	12	205,9	6	9	42	148,9	217,9	3,7	
Sum Totalt	Sentraladm.	176,4	11329	22,5	552,1	6	26,4	145,5	374,2	574,6	5,1	

Tabell 2. Sjukefrávær 2. kvartal 2004 for Sentraladministrasjonen

Tabell 2 over viser tala frå sentraladministrasjonen med eit gjennomsnittleg frávær på 5,1% (4,6% i 1. kvartal). Fráværet delar seg mellom kjønna Kvinner er registrert med 6,6% (6,8% i 1. kvartal) gjennomsnittleg sjukefrávær i perioden, medan menn er registrert med 3,7% (2,5% i 1. kvartal).

Andre

Her finn vi Fylkesbiblioteket, Fylkesarkivet, Kommunearkivet, Fylkesmusikarar, Fylkessenteret for musikkterapi, Singerheimen, Opplæringskontoret for offentlig sektor (OKOS) og diverse prosjekt. Det registrerte fráværet her er på 3,5% (8,2% i 1. kvartal). Her registrerar vi 5,1% (7,2% i 1. kvartal) frávær hjå kvinner, medan menn i denne perioden har registrert 1,5 mot 9,4% i 1. kvartal. Her ser ein tydeleg at små miljø (få tilsette) kan gje store prosentvise endringar i statistikken.

Tabell 3. Andre; 2. kvartal 2004

2. kvartal 2004												
Br.	Org.	Bemanning	Mogelege dagsverk netto	Eigenmeldte frávær dagsverk	Sjukmeldte frávær dagsverk	Frávær 1-3 dagsverk	Frávær 4-16 dagsverk	Frávær 17-56 dagsverk	Frávær >56 dagsverk	Totalt frávær dagsverk	Fráværs prosent	
Kvinner	Andre	14,3	916	1	45,7	0	0	0	45,7	46,7	5,1	
Menn	Andre	10,7	695	0	9,6	0	0	9,6	0	9,6	1,4	
Sum Totalt	Andre	25	1611	1	55,3	0	0	9,6	45,7	56,3	3,5	

Når ein går nærare inn på gruppa finn vi variasjonar mellom dei 8 inndelingane. Mellom dei totalt 25 stillingsheimlane finn vi kun tre personar med registrert frávær. To har høvesvis stort frávær på 18,5% og 63,5% medan den tredje har eit gjennomsnittleg frávær i perioden på 1,5%.

Dei vidaregåande skulane

Her finn vi den klart største gruppa tilsette. Gruppa omfattar i alt 15 vidaregåande skular. Vi ser litt nærare på statistikken frå desse. Sjå ôg oppstillinga på neste side (sjå tabell 5) der alle er med.

2. kvartal 2004											
Br.	Org.	Bemanning	Mogelege dagsverk netto	Eigenmeldte frávær dagsverk	Sjukmeldte frávær dagsverk	Frávær 1-3 dagsverk	Frávær 4-16 dagsverk	Frávær 17-56 dagsverk	Frávær >56 dagsverk	Totalt frávær dagsverk	Fráværs prosent
Kvinner	Skule	402,7	26112	115,6	1137,5	34,7	158,7	200,1	744,2	1253	4,8
Menn	Skule	478	30987	52,5	950,9	16,6	84,2	171,3	678,7	1003,5	3,2
Sum Totalt	Skule	880,7	57099	168,1	2088,4	51,3	242,9	371,4	1422,9	2256,5	4,0

Tabell 4 Skule; 2. kvartal 2004

I tabellen 4 over ser ein at fráværet i perioden er 4,0% (5,7% i 1. kvartal). Kvinner er registrert med 4,8% (5,6% i 1. kvartal) og menn med 3,2% (6,0% i 1. kvartal). Ei generell vurdering er at det registrerte fráværet ved våre vidaregåande skular er høvesvis små. Variasjonar kring registreringane frå 1. kvartal og frå 2. kvartal størst for gruppa menn der vi ser ein reduksjon i fráværet på 2,8% poeng. Vi registrerar nedgang også i gruppa kvinner 0,8% poeng.

Skulane svingar i registret frávær frå litt over prosenten til nærmare 7 prosent. Både Eid vidaregåande skule, Førde tekniske fagskule og Luster vidaregåande skule har høvesvis 1,1% og 1,8% frávær. Hakk i hel kjem Luster vidaregåande skule med 1,8% frávær.

Det er òg gledeleg at Sogn Jord- og hagebruksskule registrerar lite frávær. Dei registrerte 0,5% i første kvartal og no i andre kvartal ser vi at dei har 2,4%.

Ingen av skulane registrera over 7 % i perioden. Det er likevel viktig å halde fráværsutviklinga under oppsyn og merke seg at kvinner tilsette ved Øyrane vidaregåande skule, Dale vidaregåande skule og ved Stryn vidaregåande skule har høvesvis høgt sjukefrávær. Mellom personale med få tilsette vil eit langtidsfrávær gje store utslag i gjennomsnittstala og det vil difor vere viktig for det lokale LAMU å handsame fráværdata i lys av lokal individ kunnskap.

Aldersamansetjinga mellom det pedagogiske personalet er høgt. 48% av pedagogisk personale er over 50 år, og 11% av dei fast tilsette er over 60 år. Ut i frå forskning som visar at sjukefráværet kan forventast å auke med alderen, ser vi med positivt på utviklinga i våre vidaregåande skular.

På neste side finn du ei oversikt over alle dei vidaregåande skulane våre.

2.kvartal 2004			LEGEMELDT FRÅVÆR									
Organisasjon	Kj	Bemannings netto	Moglege dagsverk	Eigenmeldte fråvær dagsverk	Sjukemeldte fråvær dagsverk	Fråvær 1-3 dagsverk	Fråvær 4-16 dagsverk	Fråvær 17-56 dagsverk	Fråvær >56 dagsverk	Sum fråvær dagsverk	Fråværs prosent	
210000 ÅRDAL VIDAREG	K	28,8	1872,0	9,0	89,4	1,5	24,5	5,0	58,3	98,4	5,3	
	M	19,4	1260,0	0,0	6,0	0,0	6,0	0,0	0,0	6,0	0,5	
		48,2	3132,0	9,0	95,4	1,5	30,5	5,0	58,3	104,4	3,3	
215000 LUSTER VIDARE	K	25,0	1613,0	3,3	29,4	2,6	0,0	16,8	10,0	32,7	2,0	
	M	7,2	455,0	0,0	4,9	0,0	0,0	0,0	4,9	4,9	1,1	
		32,2	2068,0	3,3	34,4	2,6	0,0	16,8	14,9	37,6	1,8	
220000 SOGNDAL VIDAR	K	44,3	2868,0	8,3	137,7	7,5	21,8	25,0	83,4	146,0	5,1	
	M	65,2	4233,0	7,7	242,1	0,0	5,0	50,0	187,1	249,8	5,9	
		109,5	7101,0	16,0	379,8	7,5	26,8	75,0	270,5	395,8	5,6	
225000 HİYANGER VIDA	K	21,2	1379,0	9,7	68,7	3,0	15,0	49,4	1,3	78,4	5,7	
	M	26,0	1692,0	3,0	122,0	0,0	10,0	0,0	112,0	125,0	7,4	
		47,2	3070,0	12,7	190,7	3,0	25,0	49,4	113,3	203,4	6,6	
230000 MO OG JİLSTER	K	26,3	1710,0	12,6	55,9	0,0	0,0	18,2	37,7	68,4	4,0	
	M	28,7	1865,0	1,0	49,8	1,6	19,9	1,8	26,5	50,9	2,7	
		55,0	3575,0	13,6	105,7	1,6	19,9	20,0	64,2	119,3	3,3	
235000 ØYRANE VIDARE	K	53,2	3460,0	19,4	282,4	6,3	28,8	43,1	204,3	301,8	8,7	
	M	56,7	3682,0	14,6	174,7	2,0	14,8	28,0	129,9	189,3	5,1	
		110,0	7142,0	34,0	457,2	8,3	43,6	71,1	334,2	491,2	6,9	
240000 HAFSTAD VIDAR	K	24,5	1591,0	9,3	82,4	2,7	14,8	0,0	65,0	91,7	5,8	
	M	28,8	1866,0	1,0	40,0	5,0	12,0	1,0	22,0	41,0	2,2	
		53,3	3457,0	10,3	122,4	7,7	26,8	1,0	87,0	132,7	3,8	
245000 FØRDE TEKNISK	K	3,5	231,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	
	M	14,6	950,0	0,0	13,5	0,0	0,0	0,0	13,5	13,5	1,4	
		18,2	1180,0	0,0	13,5	0,0	0,0	0,0	13,5	13,5	1,1	
250000 DALE VIDAREGÅ	K	11,1	722,0	2,7	62,6	1,3	9,6	11,3	40,5	65,3	9,0	
	M	23,4	1511,0	2,8	18,2	0,0	0,0	0,0	18,2	21,0	1,4	
		34,5	2233,0	5,5	80,8	1,3	9,6	11,3	58,7	86,3	3,9	
255000 FLORA VIDAREG	K	43,0	2773,0	10,5	66,8	0,0	40,0	1,0	25,8	77,3	2,8	
	M	43,1	2765,0	7,0	41,4	5,0	12,0	24,3	0,0	48,4	1,7	
		86,1	5538,0	17,5	108,1	5,0	52,0	25,3	25,8	125,6	2,3	
260000 FIRDA VIDAREG	K	33,9	2193,0	17,1	1,0	1,0	0,0	0,0	0,0	18,1	0,8	
	M	32,0	2073,0	5,6	60,3	3,0	2,5	42,2	12,6	65,9	3,2	
		65,9	4266,0	22,7	61,3	4,0	2,5	42,2	12,6	84,0	2,0	
265000 STRYN VIDAREG	K	23,0	1493,0	2,5	117,2	0,0	1,6	14,4	101,2	119,7	8,0	
	M	41,3	2682,0	0,8	109,0	0,0	0,0	0,0	109,0	109,8	4,1	
		64,3	4176,0	3,2	226,2	0,0	1,6	14,4	210,2	229,4	5,5	
270000 EID VIDAREGÅA	K	27,1	1762,0	0,0	0,5	0,0	0,0	0,0	0,5	0,5	0,0	
	M	39,1	2542,0	0,0	45,0	0,0	2,0	0,0	43,0	45,0	1,8	
		66,2	4304,0	0,0	45,5	0,0	2,0	0,0	43,5	45,5	1,1	
275000 MÅLØY VIDAREG	K	26,8	1728,0	11,2	112,4	4,8	0,0	15,9	91,7	123,6	7,2	
	M	37,4	2430,0	9,0	14,0	0,0	0,0	14,0	0,0	23,0	0,9	
		64,1	4158,0	20,2	126,4	4,8	0,0	29,9	91,7	146,6	3,5	
290000 SOGN JORD- OG	K	11,0	717,0	0,0	31,1	4,0	2,6	0,0	24,5	31,1	4,3	
	M	15,1	981,0	0,0	10,0	0,0	0,0	10,0	0,0	10,0	1,0	
		26,1	1698,0	0,0	41,1	4,0	2,6	10,0	24,5	41,1	2,4	
Dei vg skulane	K	402,7	26112	115,6	1137,5	34,7	158,7	200,1	744,2	1253	4,8	
Dei vg skulane	M	478	30987	52,5	950,9	16,6	84,2	171,3	678,7	1003,5	3,2	
Dei vg skulane	Alle	880,7	57099	168,1	2088,4	51,3	242,9	371,4	1422,9	2256,5	4,0	

Tabell 5. Sjukefråvær 2. kvartal 2004 for dei vidaregåande skulane

Tannhelsetenesta

Tannhelsetenesta består av i alt 30 offentlege tannklinikkar, seks bi-klinikkar (ambulerande) fire overtannlegekontor for høvesvis Indre Sogn, Ytre Søre, Indre Fjordane og Ytre Fjordane.

Direktøren for Tannhelsetenesta har kontor med fire tilsette totalt.

2. kvartal 2004											
Br.	Org.	Bemanning	Mogelege dagsverk netto	Eigenmeldte frávær dagsverk	Sjukmeldte frávær dagsverk	Frávær 1-3 dagsverk	Frávær 4-16 dagsverk	Frávær 17-56 dagsverk	Frávær >56 dagsverk	Totalt frávær dagsverk	Frávær prosent
Tannhelsetenesta	K	80	3288	15,3	120,1	0	17,4	33,6	69,1	135,5	4,1
Tannhelsetenesta	M	26,1	1666	9	36,6	0	0	0	36,6	45,6	2,7
Tannhelsetenesta	Alle	106,1	4954	24,3	156,7	0	17,4	33,6	105,7	181,1	3,7

Tabell 6. Sjukefrávær 2. kvartal 2004 for Tannhelsetenesta

Tabell 6 syner at Tannhelsetenesta registrerar 3,7% sjukefrávær. Dette er ei nedgang sidan 1. kvartal med 7,9% registrert frávær. Kvinner er registrert med 4,1% (9,0% i 1. kvartal) og menn med 2,7% (4,4% i 1. kvartal).


Det er mellom dei 34 einingane statistikken er oppdelte i registrert 11 einingar utan frávær, 8 einingar har over 10% frávær i perioden. LAMU-tannhelsetenesta har som vanleg kontroll over desse forholda og set i verk dei åtgjerd dei meiner eg naudsynt.

Kvart kontor har få tilsette. Dette gjer kontora sårbare i høve frávær. I små miljø vil det alltid vere eit større press på arbeidsmiljøet sine psykososiale eller mellommenneskelege tilhøve enn i større arbeidsmiljø. Det vil vere slik at gjensidig avhengigheit skapar stort press på at alle er tilstades og ein kan i slike miljø "gå å skranke" lengre enn det ein kan gjere i arbeidsmiljø med fleire tilsette. Dette vil i sin tur ofte føre til lengre sjukefrávær når ein først må ta ut sjukmelding. Vi gjer òg merksam på at kontor med til dømes to tilsette der den eine er ute i lantidsjukmelding (heile kvartalet) og den andre ikkje har frávær, registrerar vi 50% sjukefrávær.

Andelen av fráværet som skriv seg frå dei ulike lengde kategoriane

Forsking viser at omlag 10% av dei tilsette står for om lag 90% av alt fráværet. Merk og at det ikkje nødvendigvis er dei same ti prosent som står for dette fráværet over tid. Det er slik at vi alle gjennom ei yrkeskarriere/livsløp har behov for å ta ut frávær for å kunne meistre jobben og eiga helse.

Data over sjukefrávær slik vi presenterer dei og les dei er gjennomsnittsutrekningar. Tala gir skinn av ei normalfordeling av fráværet. I verste fall kan slik framstilling få oss til å tenke at alle tilsette har eit aritmetisk gjennomsnittleg frávær.



Grafikk 1 Sjukefråværet er ikkje normalfordelt

Under i tabell 7 finn du ei oversikt som syner andelen av det legemeldte fråværet knytt opp mot dei ulike lengdekategoriane vi presenterer fråværestala i. Myten om at det korttidsfråvær som er størst kan vi avkrefte med dette. Den største andelen av fråværet finn vi i dei lengste kategoriane. Det er også her dei samfunnsmessige og menneskelege kostnadene er store.


2. kvartal 2004		Det legemeldte sjukefråværet fordelt på lengdekategoriar				
Br.	Org.	Fråvær 1 til 3 dagar	Fråvær 4 til 16 dagar	Fråvær 17 til 56 dagar	Fråvær > 56 dagar	SUM tot legemeldt fråvær
Kvinner	Sentraladm.	0,0	0,3	1,9	4,2	6,4
Menn	Sentraladm.	0,1	0,2	0,7	2,5	3,5
Sum Totalt	Sentraladm.	0,1	0,2	1,3	3,3	4,9
Kvinner	Skule	0,1	0,6	0,8	2,9	4,4
Menn	Skule	0,1	0,3	0,6	2,2	3,1
Sum Totalt	Skule	0,1	0,4	0,7	2,5	3,7
Kvinner	Tannhelse	0,0	0,5	1,0	2,1	3,7
Menn	Tannhelse	0,0	0,0	0,0	2,2	2,2
Sum Totalt	Tannhelse	0,0	0,4	0,7	2,1	3,2
Kvinner	Andre	0,0	0,0	0,0	5,0	5,0
Menn	Andre	0,0	0,0	1,4	0,0	1,4
Sum Totalt	Andre	0,0	0,0	0,6	2,8	3,4
Sum totalt kvinner		0,1	0,5	0,9	3,0	4,6
Sum totalt menn		0,1	0,2	0,6	2,2	3,1
SUM		0,1	0,4	0,7	2,6	3,8

Tabell 7 Sjukefråværet 2. kvartal 2004 der det legemeldte fråværsandelen er delt i ulike lengdekategoriar


I lengde kategorien ein til tre dagar finn vi 0,1% av det legemeldte fråværet på 3,8% i perioden, i kategorien fire til 16 dagar finn vi 0,4% og i kategorien 17 til 56 dagar finn vi 0,7%. Av dette ser vi at heile 2,6 prosentpoeng av totalfråværet finn vi i kategorien langtidsfråvær som har vart i over 56 dagar.

Nasjonale tal som samanlikning til registreringar i vår verksemd.

I kraft av at vi har teikna avtale om å vere ei Inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd) har vi tilgang til statistikk over det legemeldte sjukefråværet. Rikstrygdeverket har utvikla ein ny applikasjon for sjukefråværsstatistikk på verksemdsnivå. Vi kan vi få statistikk frå vår verksemd og kan samanlikne seg med bransjen, fylket og landet. Den sist oppdaterte statistikken som no er tilgjengeleg er frå 1. kvartal 2004. På neste side finn du nokre grafiske framstillingar frå denne aplikasjonen.



Grafikk 2 Utvikling av legemeldt sjukefråvær, begge kjønn



Grafikk 3 Utvikling av legemeldt sjukefråvær, begge kjønn – eiga verksemd samanlikna med andre

Oppsummering

Statistikken frå rikstrygdeverket er reell i den forstand at den fangar opp alt fråvær som er legemeldt. Marginale endringar bør ikkje bli gjenstand for store drøftingar. Hovudinstrykket av det registrerte fråværet i fylkeskommunen må kunne seiast å vere prega av stabilitet på eit høvesvis lågt nivå. Det vil likevel vere slik at oppfølging av sjukmelde, inkludert sterkare fokus på det psykososiale- og utforminga av det organisatoriske arbeidsmiljøet har stor verdi med tanke på å kunne førebygge sjukefråvær.